



Norges Fiskarlag

Fiskeridirektoratet

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
		Britt Sæle Instebo, 454 76 360	23.09.2024

Regulering av fisket etter vassild i 2025

Styret i Sør-Norges Fiskarlag behandla ovannemnde sak i sitt møte 18.-19.09.2024, og gjorde følgjande vedtak:

Styret i Sør-Norges Fiskarlag viser til at det har vore ein metoderevisjon i 2024 (ICES) vedkomande fastsetjing av kvote i fisket etter vassild, og at ein tar hensyn både til tokt- og fangst. ICES har foreslått at totalkvoten for 2025 og 2026 blir satt til 16.732 tonn og 16.640 tonn, noko som er ein oppgang frå 2024. Ein konstaterer at Fiskeridirektoratet tidlegare år har trekt frå gjennomsnitleg bifangst sør om 62°N av kvoten då ICES sitt råd gjeld både sør og nord om 62°N.

Styret viser til at ein har fått opplyst at det er store og gode forekomster av vassild nord for 67°30' N. Styret meiner at dei betydelige forekomstane av vassild nord for Røstrevet (en linje trukket mellom Myken Fyr og posisjon 67°30' N og 9°10' Ø) må vere med i beregningsgrunnlaget og bli vurdert opna for direktefiske.

Ein må sjå på beskattingsgraden og at den er på minst like høgt nivå som andre land som fiskar vassild. Styret ber om at ovannemnde blir fulgt opp.

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Britt Sæle Instebo
Avdelingsleiar

Kopi: Nord Fiskarlag
Fiskebåt

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.